

Forslag til partnerskapsavtale - Vest Næringsråd og Øygarden kommune 01.01.25-31.12.17

Formål

I samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2022-2034 ligg kommunen sine ambisjonar for næringsarbeid forankra. Øygarden kommune (ØK) og Vest Næringsråd (VNR) skal gjennom partnerskapsavtalen samarbeida om å setta i verk strategiane for næringsutvikling, forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Overordna strategiar for næringsutvikling i Samfunnsplanen er:

- Øygarden er i front på framtidretta kompetansebygging.
- Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv.
- Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar.
- Øygarden er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling.
- Straume er styrka som regionalt kraftsenter; både for Øygarden og Bergensregionen.

Fleire av desse strategiane er i tillegg samanfallande med Vest Næringsråd sine strategiske målsetjingar.

VNR skal som partner av ØK koordinera og leggja til rette for initiativ og samarbeid for næringsutvikling i Øygarden kommune.

Prosjektet «Framtidssamfunnet» skal i perioden vera ei prioritert oppgåve for partnerskapsavtalen.

Utover partnerskapsavtala, anerkjenner ØK VNR si uavhengige rolle som lokal næringsforeining og derav næringspolitisk arbeid og utspel.

Om Partane

Partnerskapsavtale vert inngått mellom Øygarden kommune (org. nr. 922 530 890) og Vest Næringsråd (org. nr. 980 792 056) for gjennomføring av aktivitetar knytt til næringsutvikling og måloppnåing i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2022-2034 (sak nr. 21/2930) vedtatt av Øygarden kommunestyre 24. mars 2022.

1. Målsettingar for partnerskapsavtalen

ØK og VNR har gjennom partnerskapsavtalen eit felles mål om å bidra til næringsutvikling, vekst og verdiskaping i Øygarden til beste for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom partnerskapsavtalen legg ein til rette for samarbeid gjennom:

- å styrkja det generelle arbeidet for berekraftig næringsutvikling lokalt og regionalt
- satsingar og tiltak retta mot næringsutvikling i kommunen
- oppnå felles mål om styrka næringsutvikling i kommunen
- fremja Framtidssamfunnet og utvikling av dette

Vest Næringsråd er eit talerøyr for næringslivet og er tett på eit stort tal næringsaktørar. Gjennom partnerskapsavtalen bidrar Vest Næringsråd med ressursar og kompetanse som supplerer og utfyller dei verkemidla kommunen har, og gjev god utnytting av felles ressursar. VNR skal som partnar over tid, bidra til å styrka kommunen sine mål for næringsarbeid, også utover medlemsmassen til næringsrådet.

Avtalen forutsett tett samarbeid og jamn kontakt mellom ØK og VNR gjennom året.

2. Vest Næringsråd sine overordna oppgåver og bidrag i partnerskapen:

- Bistå kommunen med dialog mellom ØK og næringslivet
- Vera ein aktiv part i Framtidssamfunnet gjennom:
 - bidra til gode møtearenaer
 - styreleiar er medlem i Framtidskomiteen
 - dagleg leiar deltek i prosjektjuryen
 - kommunikasjonsansvarleg deltek i sekretariat for FS
 - informere VNR sine medlemmar om Framtidssamfunnet og engasjera dei med tanke på deltaking i prosjekt som auka innovasjonstakten.
- Leggja til rette for at Øygardskonferansen reflekterer felles strategiske mål for næringsutvikling.
- Vidareføra arbeidet med skule og næringsliv, for å sikra rett kompetanse og arbeidskraft
- Bidra og leggja til rette for dialog mellom plan- og byggesak og lokalt næringsliv
- Bistå kommunen i utviklinga av småskala næringsutvikling, som til dømes landbruk og reiseliv.
- Fagleg støtte til politisk og administrativ leiing i saker som angår næringslivet.
- Drifta og vidareutvikla Gründerparken Vest (GPV)¹

¹ GPV vert behandla i eigen avtale, men partane ser det likevel formålstenleg å omtala GPV i partnerskapsavtalen. Tilskot (kr. 1 500 000,-) som går til GPV i 2024 vil ligge direkte i partnerskapsavtalen inntil vidare struktur for Gründerparken er avklart seinast 30.6.2025.

3. Kommunen sine oppgaver og bidrag i partnerskapen

- Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal ØK yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei kommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år.²
- Aktiv støttespelar til Øygardskonferansen, og involvering gjennom VNR sitt årshjul for gjennomføring av Øygardskonferansen.
- Aktiv deltakar i arbeidet med skule og næringsliv, med fast plass i ressursgruppa.
- Aktiv deltakar i arbeidet som gjeld dialog mellom plan- & byggesak og næringslivet, med fast plass i ressursgruppa.
- ØK deltek elles på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som VNR er ansvarleg for etter nærare avtale. ØK vil ta ansvar for å sikra god samhandling med VNR relatert til satsingsområda knytt til hovudstrategiane i Framtidssamfunnet og samfunnsplanen til ØK.

Der det er naturleg, skal ØK medverka til at VNR kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som kommunen sjølv, og kommunen sine andre samarbeidspartnarar, rår over.

4. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leiing i ØK. Gjennom eit felles årshjul for samarbeidet, sett VNR og ØK i samråd opp aktuelle felles aktivitetar gjennom året. Årshjulet legg til grunn føresetnadar for aktivitetane som vilkår til dømes for tilrettelegging, deltaking og økonomi. Dette kan til dømes vera felles messeaktivitet (t.d. OTD, HavExpo, ONS).

Det vert etablert ein fast samarbeidsarena kvar månad, med formål om å sikra god informasjonsflyt om saker som er relevante for næringsarbeidet hos begge partar.

5. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom VNR og ØK, som nemnd i kapittel 4. I tillegg vert det gjennomført minst 1 overordna møte kvart år.

GPV: det vert gjennomført egne rapporteringsmøter for GPV minimum per halvår. Tema for rapporteringsmøter er aktivitet og belegg.

I tillegg skal VNR også senda årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap til ØK så snart dette ligg føre. Dette for å sikra allment gjennomsyn i det økonomiske ved samarbeidet.

6. Tidslengd, økonomi, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld frå 2024 og til og med 2027, med eit årleg partnerskapsbidrag på kr 18,86 pr. innbygger (med årleg kalibrering tilsvarande samarbeidsavtale med Visit Bergen).

I tillegg skal ØK bidra med kr. 200 000,- pr. år til Øygardskonferansen. I dette beløpet er 14 konferansebillettar inkludert.

Det årlege partnerskapsbidraget frå ØK kan bli justert som følgje av den årlege budsjettbehandlinga og/eller som følgje av endra regionale rammes og tildelingar til utvikling i kommunane. Større endringar i dei kommunale rammene for ordninga gir VNR rett til å seia opp avtala.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for VNR, gir ØK rett til å

² Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at VNR kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

reforhandla eller seia opp partnerskapsavtala.

Ved mislighald kan begge parter seia opp avtala med 1 månads varsel.

Ved større endringar eller mislighald av avtalen, kan ØK krevja heile, eller deler av, partnerskapsmidlane tilbakebetalt.

ØK eller ØK sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollera at vilkåra for tilskottet er oppfylt. VNR pliktar å gje dei opplysningane som ØK ber om.

Straume dato:

For **Øygarden kommune**

For **Vest Næringsråd**

Tom Georg Indrevik

Kari-Anne Landro